



Rigmor Rasmussen presenterar stolt blÅFJELL

Merry Christmas ynskjer den eine skobutikken på Husnes og det er berre eitt av mange døme på den engelske sjuken som spreier seg her i landet.

Rett nok er det unnatak, som då sjefen for Felleskjøpet i Dimmelsvik fekk det lokale mållagets pris fordi han nyttar nynorsk konsekvent.

Men når ein er i senteret på Husnes kan ein av og til undrast på om ein er i eit London-magasin.



[GOD JUL berre på engelsk!](#)

Utan å ha gjort ein grundig sjekk, trur vi at smitta har kome lengst i skobutikkane. I den eine blir vi altså ynskt GOD JUL på engelsk supplert med et vakkert lite vers:

*Make a wish
upon a shoe then
your wishes
may come true*

På ein vegg står det med kjempeskrift SEE YOU AROUND og utanfor varsles heldigvis NEW ARRIVALS for dei som ikkje har fått tak i passende sko inne.

Så er det vel meir norsk i den andre skobutikken som til og med har Europa som grunnelement i namnet? Diverre ikkje, der noterer vi både KIDS, SOFTWALK, ROOTS, THE AUTUMN EDIT og SPARKLE SHINE og i tillegg ei hovudoverskrift på sesongen som ligg forut: WINTER DAY.

Etter å ha vore innom både SPECSAVERS og YOU WHO endar vi i CATCH. Men der smiler noe urnorsk mot oss saman med Rigmor Rasmussen frå Uskedalen. BLÅFJELL står det på en vakkert utforma plakat som lanserer blå og lilla klede i kjølvatnet av den populære NRK-serien.

- Her satsar vi på det norske, seier ungdomslagsentusiastene som sikkert ikkje har noe ansvar for namnet på butikken.

Vi stiller berre spørsmålet: Det er vel ikkje forbode å nytta norsk?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Forsyningar har kome!